



BORE KYRKJE

SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møtebok

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Bore kyrkjekontor
Dato: 19.02.2020
Tid: Kl. 19:00 - 22:00

Følgjende medlemmer møtte

Elisabet Haarr

Ivan Fjeld

Jens Kåre Bore Stokka

Jonas Meling Berge

Marita Midtun Finstad

Torill Steinvoll Bøen

Nicolai Homme

Torunn Renate Bore

Rolle

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Varamedlem

Leiar

Nestleiar

Bore, 25.02.2020

Nicolai Homme
Soknerådsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
20/006	Godkjenning av innkalling
20/007	Godkjenning av referat
20/008	Samtale om arbeidet
20/009	Saker frå og til fellesrådet
20/010	Årsmelding
20/011	Revidert budsjett
20/012	Årsmøte
20/013	Konfirmasjonsfest 21. april
20/014	Mandat til diakoniutvalet
1	Orienteringar
20/015	Reknskap 2019



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/59

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 11.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/006	Bore sokneråd	19.02.2020

Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

Bore sokneråd 19.02.2020:

BS- 20/006 Vedtak:
Innkalling godkjent.



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/36

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 06.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/007	Bore sokneråd	19.02.2020

Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:

Referat fra forrige møte godkjent.

Bore sokneråd 19.02.2020:

BS- 20/007 Vedtak:

Referat fra forrige møte godkjent.

Vedlegg:

Protokoll - Soknerådsmøte i Bore



Arkiv:

JournalpostID: 20/60

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 11.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/008	Bore sokneråd	19.02.2020

Samtale om arbeidet

Me opplever ein nedgang i gjevartenesta. Gjevartenesta finansierer mykje av stillingen til dagleg leiar, trusopplærar og ein del i stillinga som menighetspedagog. Dersom me skal halda på storleiken på stillingane, må gjevartenesta aukast framover.

Frammøte på gudsteneste i 2019 viser eit gjennomsnitt på omlag 150 og er korkje vekst eller tilbakegang frå dei siste åra.

Kvart andre år sidan 2009 har me gjennomført NaMu-undersøking. Dette er eit verktøy som viser "helsetilstanden" i menigheten. Det vart ikkje gjort etter rute i fjor, derfor bør det gjerast denne våren.

Som ledd i å koma barnefamiliane i møte, har soknerådet vurdert å gjera endringar på familiegudstenestene. Ein har arbeidd med å sjå på ei løysing om å halda ei familiesamling om føremiddagen med frivillig innsats og ei forordna gudsteneste om kvelden med stabsressursar. Det føreset at tilstrekkeleg med frivillige tek ansvar for familiesamlinga.

Soknerådet har kontakta fleire for å høyra om dei kan ta på seg dette oppdraget. Basert på resultatet av dette, kan soknerådet gjera vedtak om å endra forma på gudstenestene.

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Bore sokneråd 19.02.2020:

Elin Anita seier noko om gjevartenesta på årsmøtet og Jens Kåre følgjer opp. Det er viktig at menigheten får forståelse av behovet i soknet vårt. Undersøking (NaMu) må bestillast. Elin Anita bestiller.

Familieteam er etablert. 7 stk. Solfrid kallar inn til første møtet for inspirasjon og planleggjing. Ingvar Kjøllesdal blir bedt om å ta eit leiaransvar.

BS- 20/008 Vedtak:

Elin Anita seier noko om gjevartenesta på årsmøtet, Jens Kåre følger.

Namu-undersøking blir bestilt.

Team for familiesamling er etablert. Soknerådet vedtek endring i familiegudstenestene mai og juni 2020.



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/61

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 11.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/009	Bore sokneråd	19.02.2020

Saker frå og til fellesrådet

Fellesrådet har teke initiativ til møte med Klepp kommune for å starta arbeidet med regulering av området ved Bore kyrkje som skal brukast til parkeringsplass, framtidig bygg og gravplass. Frå Bore møtte Nicolai. Han orienterer i møtet.

Soknerådet tek saka til orientering.

Bore sokneråd 19.02.2020:

Det vil bli teke eit initiativ mot Klepp Energi ang. fiber til kyrkjene. Møtet med kommunen om parkeringsplassen var veldig bra. Dei tilsette i kommunen er positive. Reguleringsarbeidet må setjast i gang først. Dette kan skje før sommaren. Kommunen vil regulera inn heile området, også inkludert ny kyrkjestove.

BS- 20/009 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/62

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 11.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/010	Bore sokneråd	19.02.2020

Årsmelding

Det skal årleg skrivast melding for soknet sitt arbeid. Soknerådsleiar skriv årsmeldinga. Ho blir lagt fram for soknerådet for godkjenning. Leiar legg opp til ein open gjennomgang og drøfting før godkjenning.

Soknerådet godkjenning årsmelding for Bore sokn 2019

Bore sokneråd 19.02.2020:

Det vart gjort nokre endringar i årsmeldinga knytta til økonomi og trusopplæring. Me vil gjera eit framstøt for å prøva å få litt meir renter.

BS- 20/010 Vedtak:

Årsmeldinga vert vedteke.

Vedlegg:

Årsmelding for 2019 Bore sokn



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/63

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 11.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/011	Bore sokneråd	19.02.2020

Revidert budsjett

Soknerådet vedtok eit førebels budsjett i sak 78/19.

Revisor har gått gjennom rekneskapen for 2019 med tanke på momskompensasjon.

Revisjonsberetning ligg ved. På bakgrunn av rekneskapen frå i fjor, er det lagt eit budsjett i tråd med fjoråret. Det er eit nøkternt budsjett som går i balanse.

Kommentarar til budsjettet:

- Postane 1115 og 1190 inneheld mellom anna leirane (menighetsweekend og konfirmantleir- splitta på deltaking og mat). Motpost til desse er 1610.
- 1196 er lisens på digital salmebok, bilete (youtube og liknande)
- 1380 er motpostar til 1780
- 1470 er reklameplakatar/støtte til Voll idrettslag, ny avtale ligg ved
- 1740 er refusjon frå fellesrådet, konf.biblar
- 1469 og motpost 1869 er fasteaksjonen

Budsjett for 2020 vert vedteke

Bore sokneråd 19.02.2020:

BS- 20/011 Vedtak:

Revidert budsjett for 2020 vert vedteke.

Vedlegg:

Redigert Rekneskap 2019 og budsjett 2020 rette tal



Arkiv:

JournalpostID: 20/65

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 11.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/012	Bore sokneråd	19.02.2020

Årsmøte

Dato for årsmøte i Bore sokn er 8. mars etter gudstenesta.

Årsmeldinga blir lagt ut for menigheten etter at ho er godkjent. Dette skal gjerast 14 dagar før årsmøtet blir halde.

På årsmøtet får soknerådet og stab høve til å leggja fram arbeidet sitt for menigheten og menigheten får høve til å gje diverse tilbakemeldingar. Tema for årsmøtet blir vedteke av soknerådet. AU har drøfta dette og kome til at fokus på trusopplæring og frivillige, endringar i gudsteneste og liturgi og fokus på auka gjevarteneste kan vera aktuelt. Solfrid og Ivan frå stab er villige til å ha innleiing om tema trusopplæring og gudsteneste/ny liturgi. Johannes og Elin Anita sørgjer for barnesamling med film/godsaker i kyrkjestova. Årsmøtet blir leia av soknerådsleiar.

Soknerådet tek avgjer om bevertning og gjennomføring av dette i pausen mellom gudstenesta og årsmøtet.

Soknerådet drøftar tema og gjennomføringsplan for årsmøtet og gjer vedtak i møtet.

Bore sokneråd 19.02.2020:

BS- 20/012 Vedtak:

Tema for årsmøtet blir trusopplæring, økonomi og gudstenestene/liturgi. Nicolai, Solfrid, Ivan og Elin Anita innleier. Deretter ordet fritt. Kyrkjekaffi vert i våpenhuset ved Karen. Barne ser film og kosar seg i kyrkjestova. Nokre ungdomar får oppgåva med å passa på.



Arkiv:

JournalpostID: 20/64

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 11.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/013	Bore sokneråd	19.02.2020

Konfirmasjonsfest 21. april

Soknerådet vedtok i sist periode å slutta med Samtalegudsteneste. Tidlegare har dette vore gjennomført same dagen som, og i forkant av, konfirmantfesten. Framover vil Samtalegudstenesta bli erstatta av at konfirmantane deltek i gudstenestene med diverse oppgåver. Dermed vil konfirmantfesten stå på eigne bein.

Tradisjonelt har festen bestått av pizza & kake, litt underholdning (musikk, moro og/eller alvor), oppsummeringa av året gjennom ord og bilete og ein pause med fotografering. Dette er siste gongen gjennom konfirmantåret at konfirmantane er samla. Etter festen gjenstår kun konfirmasjonsdagen.

Soknerådet er ansvarleg for planleggjing, innhald og gjennomføring av festen, å setja dugnadsgjengen i arbeid og ha ansvar for desse.

Dagleg leiar har hatt ansvar for å booka lokalet, Bore bedehus. Det er bestilt til 21. april, med moglegheit for å pynta og rigga kvelden før, 20. april.

I tillegg har dagleg leiar hatt ansvar for å senda ut skriv til foreldra til fjorårskonfirmantane med oppsett av tidspunkt for dugnadsteneste. Desse foreldra stiller opp til pynt, kjøkkenteneste, utvask og kakelevering.

Soknerådet set ned ein festkomite bestande av:

Bore sokneråd 19.02.2020:

BS- 20/013 Vedtak:

Soknerådet set ned ein festkomite bestande av: Torunn Renate, Marita og Elisabet.



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/66

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 11.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/014	Bore sokneråd	19.02.2020

Mandat til diakoniutvalet

Diakoniplanen skal leggjast fram årleg. Planen er under revidering og skal behandlast av diakoniutvalet før framleggjing for soknerådet. Dette blir gjort seinare i vår. Mandatet til diakoniutvalet er derimot nyleg revidert og blir lagt fram for soknerådet for godkjenning.

soknerådet vedtek mandat til diakoniutvalet.

Bore sokneråd 19.02.2020:

BS- 20/014 Vedtak:

Soknerådet vedtek mandag til diakoniutval.

Vedlegg:

2020 mandat for Bore DU

13.01.20



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/79

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 12.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
1	Bore sokneråd	19.02.2020

Orienteringar

Status tilsette
Referat frå DU

Soknerådet tek saka til orientering.

Bore sokneråd 19.02.2020:

Status tilsette:
Som skrevet står
Tania Michelet

BS- 1 Vedtak:

Soknerådet er tilfreds med arrangementet "Som skrevet står". Grunna endringar i gudstenestene til hausten, vil soknerådet setja eit eventuelt besøk av Tania Michelet på vendt.



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato:

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/015	Bore sokneråd	19.02.2020

Reknskap 2019

Den endelege rekneskapen for 2019 viser eit mindreforbruk på kr 141,899,19.

Bore sokneråd vedtek rekneskapen for 2019. Mindreforbruket kr 141,899,19 vert sett på soknet sitt ubunde driftsfond

Bore sokneråd 19.02.2020:

BS- 20/015 Vedtak:

Bore sokneråd vedtek rekneskapen for 2019. Mindreforbruket kr 141,899,19 vert sett på soknet sitt ubunde driftsfond